



TYSNES KOMMUNE

Tysnes kommune

5685 UGGDAL

Telefon 53437011

Telefaks

Alsaker Fjordbruk AS
Flakkavågsvegen 12

5694 ONARHEIM

UGGDAL, 20.07.2018

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
18/424	4892/18	GBR 152/99	TK/EFV/LAHO	

MELDING OM DELEGERT VEDTAK ETTER PLAN OG BYGNINGSLONVEN I SAMBAND MED SØKNAD OM LØYVE TIL ETABLERING AV KUM - ONARHEIM BRUK GNR.152 BNR.99 - ONARHEIM

Saka gjeld søknad om løyve til etablering av kum for inntaksvatn og avløpshandtering. Omsøkte kum er vist plassert i allereie planert areal og er relatert til allereie godkjent utbygging innanfor same industriareal. Omsøkt kum har bebygd areal BYA på 140 m².

Plassering av omsøkt tiltak er vist kart på datert 20.08.2016, vedlagt i søknad.

I vedlagt søknad vert det søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen si føresegn § 13 sjuande ledd om utbyggingsplan og frå vist byggjegrænse 1 meter mot sjø.

Det visast til søknad med dokumentasjon motteke 04.07.18 og til tilleggskumentasjon motteke 09.07.18.

Planstatus for det aktuelle området:

Omsøkte tiltak ligg innanfor område som i gjeldande reguleringsplan for Alsaker Fjordbruk AS er vist med formål industri. Ein mindre del av omsøkt tiltak er i sør/austre hjørne vist utanfor regulert byggjegrænse 1 meter mot sjø.

Iverksetjing av tiltaket krev dermed at det ligg føre ein endeleg og formell dispensasjon etter § 19-2 i pbl.

Kopi av dette vedtak vil bli sendt til Fylkesmannen i Hordaland og til Hordaland Fylkeskommune for klagevurdering.

Nabovarsling:

Det er ikkje nabomerknader til søknaden.

Plassering i horisontalplanet:

Godkjennast som vist på kart datert 20.08.2016.

Vurdering av om vilkåra for dispensasjon etter plan og bygningslova § 19-2 er oppfylt:

Saka gjeld søknad om løyve til etablering av kum for inntaksvatn og avløpshandtering.

Fagetaten er av den oppfatning at omsøkt tiltak kan godkjennast slik det er søkt om. Omsøkt tiltak er i samsvar med vist formål i reguleringsplan og ligg innanfor etablert og opparbeid areal og er relatert til allereie godkjent utbygging innanfor same industriareal.

Omsøkt kum er dimensjonert i samsvar med gjeldande utsleppsløyve ved Onarheim Bruk AS.

I vedlagt søknad vert det søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen si føresegn § 13 sjuande ledd om utbyggingsplan og frå vist byggjegrænse 1 meter mot sjø. Søkjer grunngeiv søknad om dispensasjon med at omsøkt kum ligg innanfor etablert og opparbeid areal og er relatert til allereie godkjent utbygging innanfor same industriareal. Søkjer meiner med bakgrunn i dette at omsynet til/bak kravet om utbyggingsplan ikkje vert vesentleg tilsidesett.

Ein mindre del av omsøkt tiltak er i sør/austre hjørne vist utanfor regulert byggjegrænse 1 meter mot sjø. Søkjer grunngeiv søknaden med at plassering ellers er i samsvar med arealformål og fast sett utnyttingsgrad og at ein ikkje kan sjå at nokre av dei nemde omsyna vert råka. Omsøkte løysing vil bidra til å betra løysing for inntaksvatn og avløpshandtering, og med dette trygge så vel anlegget smittemessig som miljømessig. Søkjer vurderer at fordelane er klart større enn ulempene i saka.

Fagetaten er av den oppfatning at omsøkt tiltak og søknad om dispensasjon kan godkjennast slik det er søkt om.

Tiltaket vil ikkje medføra vesentlege endringar utover slik situasjonen er i området i dag.

Sjøarealet som grensar til omsøkt areal/ tiltak er i gjeldande reguleringsplan vist med formål «*Trafikkområde i sjø*».

Som følge av omsøkt tiltak, vil hensyn bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensyn i lovens formålsbestemmelse, ikkje bli vesentleg tilsidesatt. Etter ei samla vurdering er fordelane ved å gje dispensasjon klart større enn ulempene.

Ein dispensasjon som omsøkt får ingen konsekvenser for helse, miljø, jordvern, sikkerhet og tilgjengelighet

Ut frå at denne søknad, søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen si føresegn § 13 sjuande ledd om utbyggingsplan og søknad om dispensasjon frå vist byggjegrænse 1 meter mot sjø, ikkje har vore til uttale hos Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune, vil kopi av dette vedtak bli sendt til Fylkesmannen i Hordaland og til Hordaland Fylkeskommune for klagevurdering.

Saka er handsama som saknr. DS 90/18 etter delegert mynde frå LANDBRUK/ TEKNISK..

De vert herved orientert om at det er gjort følgjande vedtak:

VEDTAK:

Dispensasjon:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § § 12-7. *Bestemmelser i reguleringsplan*, jf reguleringsføresegn § 13 og til vist byggegrense i plan mot sjø, til etablering av kum som omsøkt.

Tiltaket:

I samsvar med §§ 20-1 og 20-3 i plan- og bygningslova vert søknad om løyve til etablering av kum for inntaksvatn og avløpshandtering, godkjent som omsøkt på vilkår av at:

1. Plan- og bygningslova med føresegner vert følgt.
2. Føresegner for reguleringsplan for Alsaker Fjordbruk AS vert følgt

Ansvar

Ansvarlige foretak må sende kommunen erklæring om ansvarsrett før arbeidene ein skal være ansvarlege for vert utført.

Ansvarlig sækjar må til eikvar tid sørge for at gjennomføringsplanen er oppdatert, og sende den til kommunen.

Alsaker Fjordbruk AS har erklært ansvarsrett som ansvarleg sækjar for heile tiltaket, tiltaksklasse 1, ansvarsområda er dekkja av sentral godkjenning.

Engelsen Entreprenør AS har erklært ansvarsrett for prosjektering og utføring, grunn- og betongarbeid, for heile tiltaket, tiltaksklasse 2, ansvarsområda er ikkje dekkja av sentral godkjenning.

ING Øyvind Jørgensen AS har erklært ansvarsrett for uavhengig kontroll konstruksjonssikkerhet, tiltaksklasse 2, ansvarsområda er dekkja av sentral godkjenning.

Ferdigattest:

Når tiltaket er ferdigstilt skal det sækjast om ferdigattest, jf. pbl § 21-10. Ferdigattest utstedes når det føreligg naudsynt sluttdokumentasjon fra sækjar, jf. SAK10 kapittel 8.

Kopi av vedtak vil bli sendt til Fylkesmannen i Hordaland og til Hordaland Fylkeskommune for klagevurdering.

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

Laila Jane Hope
einingsleiar for forvaltning

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.